

Innspel til 1.gongs høyring, Kommunedelplan Bø, frå 3H Holding AS eigar av 24/286, 24/21, 24/26, 24/52

- Kommunedelplanen for Bøvågen legg opp til at reguleringsplan for Leitevågen skal vidareførast. Denne er ikkje meldt at skal opphevast. Korleis ser kommunen for seg forholdet mellom desse planane. Det er føremål og byggjegranser som er motstridande i dei ulike planane, slik at dette vert problematisk. Byggegranser mot sjø og utfylling av i sjø innerst i vika er mellom anna tema som ikkje samsvarer. Vidare ligg det konkrete planar for utbygging etter reguleringsplanen for Leitevågen frå vår side. Vil ei slik utbygging framleis utløyse krav om felles regulering for heile senterområdet? Bør ikkje dette området utelatast frå gjennomføringssona dersom reguleringsplanen framleis skal gjelde?
- Om Radøy Kommune krev at det skal lagast ein felles reguleringsplan for heile sentrumsområdet, så må kostnadane med dette fordelast på alle dei involverte grunneigarane/utbyggjarane i ein slik plan.
- Korleis er trafikksituasjonen for fylkesveg og frå kryss ved Bunnpris og nedover gjennom sentrumsområdet tenkt løyst? Det er nemnt med ei linje i planskildringa at det er ynskjeleg med at dette skal utformast som miljøgate. Dette var meir omtala i førsteutkastet til områdeplanen. Skal planlegging og gjennomføring av dette no overlatast til private utbyggjarar, eller har kommunen planar for gjennomføring av dette? Dersom første private utbyggjarar skal bekoste dette i samband utbygging av sentrumsområda, risikerer ein at det ikkje vil stimulere til utvikling, men snarare hindrar utvikling.
- Bør ein i plankart og tekst legge ei avgrensing utstrekninga for miljøgata? Er det avsett nok areal til veg for at ei miljøgate kan anleggjast?

Med venleg helsing
3H Holding AS

Henning Haugland